

Arkiv: <arkivID><jpID>

JournalpostID:

Sakshandsamar:

Dato: 24.11.2020

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
155/20	Alver kommunestyre	26.11.2020

Spørsmål

Mine spørsmål til ordføraren er:

Er det en lov i kommuneloven som sier at en skal være synlig på skjermen under møtene når dei vært streama?

Hvis Teams som møteplatform i kommunen er begrensa mht til hvor mange som kan vises, bør ikkje da kommunen vurdera å bruke en annen møteplattform?

Er det mulig, evt under menyknappen på hovedsiden og få lagt til ein link som går direkte til direktesendingene?

Alver kommunestyre 26.11.2020:

Handsaming:

Svar frå ordførar;

Takk til representanten som tar opp dette, og for å vere vaken og ta opp desse problemstillingane.

I kommunelovens paragraf § 11-7 andre ledd står det følgende:

«Fjernmøte innebærer at deltakerne ikke sitter i samme lokale, men at de via tekniske hjelpeemidler likevel kan se, høre og kommunisere med hverandre. Kravene som ellers gjelder for møter, gjelder også for fjernmøter.»

I fjerde ledd står det:

«Departementet kan gi forskrift om krav til gjennomføring av fjernmøter, unntak fra kravet i andre ledd om at møtedeltakerne skal se hverandre og unntak fra tredje ledd.»

Det er ikke utarbeidet en permanent forskrift.

Det ble utarbeidet en midlertidig forskrift som var gjeldende mellom 13. mars og 1. august i år. Her står det følgende:

«§ 4.Unntak fra kravet om at medlemmene må se hverandre

Folkevalgte organer kan gjennomføre et fjernmøte selv om alle medlemmene ikke kan se hverandre.»

Dette unntaket gjelder altså ikke lengre.

Alver kommune har sidan mars 2020 brukt Teams til fjernmøter. Med den nyaste oppdateringa kan plattforma vise stort galleri med inntil 49 bilete samstundes. Med dette kan Teams vise bilete av alle 47 kommunestyrerepresentantane samstundes. Ordførar har i starten av kommunestyremøtet bedt alle om å ha på video.

Plattforma Teams er brukt av mange kommunar og fylkeskommunar, og ordførar har sett at det er ulik praksis

når det kjem til kor mange ein ser samstundes. Nokre kommunar og fylkeskommunar viser representantane som har ordet, medan andre viser alle representantar samstundes.

Ordførar har sendt vidare spørsmålet om ein må sjå alle samstundes til KS. Diverre ligg ikkje svar klart til kommunestyremøtet i dag, og ordførar vil kome tilbake til kommunestyret når svar ligg føre.

Representanten stiller spørsmål om kvar ein kan finne sendingane av møta i Alver kommune.

Per i dag kan innbyggjarane følgje møta på tre måter:

- Alver kommune sender møta på direkte på si facebookside.
- På nettsida det ligg lenke i sak om politiske møte under aktuelt.
- I tillegg kan ein finne sendingane på alver.kommunetv.no.

Representanten spør om det er mogleg å leggje ein knapp under meny-fana som går direkte til sendingane. Dette må ordførar sjekke nærmare opp i, og kjem tilbake til med eit svar.

KO- 155/20 Vedtak:

Spørsmål til kommunestyret 26.11.2020 frå Hege N.Dale-Uavh.:

Streaming av fjernmøter og lettere tilgang til streamingsmøta

Då er vi atter tilbake med streaming av møter pga Covid-19 pandemien, og eg må innrømme at eg er litt forvirra for hvordan vi skal forholde oss til lover og regler mht bruk av kamera ved streaming av møtene.

Eg er blandt de som sitt i utvalg både på fylket og i kommunen, og merker meg at det blir utført ulik praksis. Når vi har utvalgsmøter på fylket, så MÅ alle være synlige på skjermen(kamera på) under hele møte når desse vært streama, iflg kommuneloven.

Om ein dritt ut, så er det stopp i møte til vedkommende er tilbake synlig, det hjelper ikkje at vedkommende ser og hører alle oss andre i møtet, ein må være synlig.

På utvalgsmøte i Oppvekst,kunnskap og kultur her i kommunen 10.nov, stilte eg spørsmålet til administrasjonen om ikkje det var sånn at vi skulle være synlige under hele møtet, mht streamingen.

Svaret eg fekk lyder:

Som følge av korona er det fastsatt forskrift som gjør det enklere å avholde møter i folkevalgte organ som fjernmøter.

Kommunen kan avholde fjernmøter uten at deltakerne kan se hverandre. vi har løsninger (Teams hos oss) som gjør at vi både kan se og høre hverandre, men det er grenser på hvor mange som kan vises samtidig. Selv om kamera ikke er på hos alle deltakere viser det hvem som er tilstede.

Har også fått tilbakemeldinger fra folk som vil følga møtene våre på streaming at dei syntes det er vanskelig å finne linkane til disse møtene.